

Bård Linga

# Prosjektbasert musikkundervisning og innvirkningar på sosiale forhold i elevgruppa

Bacheloroppgåve i Grunnskulelærarutdanning 5.–10. trinn

Veileder: Tor Einar Bekken

Mai 2019



Bård Linga

# Prosjektbasert musikkundervisning og innvirkningar på sosiale forhold i elevgruppa

Bacheloroppgåve i Grunnskulelærerutdanning 5.–10. trinn  
Veileder: Tor Einar Bekken  
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for lærerutdanning



# Innhold

<b>Innhold</b>	<b>1</b>
<b>Innledning</b>	<b>2</b>
Tema for teksten	2
Bakgrunn for problemstilling	2
Problemstilling	3
Avgrensing	3
Oversikt over teksten	4
<b>Teoretiske perspektiv</b>	<b>4</b>
Sosiale aspekt som legitimering av musikkfaget og prosjektorienterte aktiviteter	4
Musikkferdigheter som parallellar til sosiale ferdigheter	5
Musikk og fellesskap	5
Nyare forskning	6
<b>Metode</b>	<b>6</b>
Metodevalg	6
Begrunnelse for valg av metode	7
Spørsmåla frå intervjuet	7
Analyse	8
<b>Empiri</b>	<b>9</b>
Nokre introduksjonssitat frå deltakarane	9
Besvarelsar	10
<b>Analyse</b>	<b>17</b>
Drøfting av refleksjonane opp imot kvarandre	17
Drøfting av refleksjonane opp imot den teoretiske forankringa	18
<b>Avslutning</b>	<b>20</b>
Samanfatning	20
Konklusjon	20
Metodekritikk	21
<b>Kilder</b>	<b>22</b>

# Innledning

## Tema for teksten

Denne teksten skal handle om større musikkfaglige prosjekt i grunnskulen, eksempelvis musikal, revy og storkonsertar, og kva innvirkning denne typen prosjekt kan ha på sosiale ferdigheter, samarbeidsferdigheter, inkludering og fellesskapsfølelse innad i ei elevgruppe underveis og i etterkant av arbeidet.

## Bakrunn for problemstilling

Estetiske fag i grunnskulen er noko eg opplever ofte har ein tendens til å bli stempla som litt uviktig, og noko ein stadig er nødt å forsvare inklusjonen av i læreplanen. Eg sitt med det inntrykket at, om enn ikkje musikk i seg sjølv nødvendigvis er den mest samfunnsnyttige ferdigheten sett frå eit større perspektiv samanlikna med f. eks. realfag som matematikk eller samfunnsviktige fag som språkfag, så trur eg musikalsk aktivitet og samhandling kan være med på å bygge opp andre viktige eigenskapar hos eit voksande menneske som i stor grad vil kunne gjere seg til nytte når eleven skal delta og bidra i samfunnet. Særlig sosiale ferdigheter, samarbeid, inkludering og fellesskap er noko eg opplever mange trekk fram som eigenskapar som musikkaktivitetar kan være med på å bygge opp. For øvrig så opplever eg at i mykje av faglitteraturen så er musikken si innvirkning på det sosiale meir framstilt som ein antatt virkning snarare enn noko som er forska særlig omfattande på, og det er ein av grunnane til at eg ønska å undersøke dette temaet nærmare.

For å konkretisere rammene for undersøkinga ytterligare så valgte eg å spesifikt sjå på dei større prosjekta som ein gjerne gjennomfører i musikkfaget, og deira innvirkning på det sosiale. Eg valgte å fokusere på dette da slike prosjekt er målretta og ofte går over lengre tid, noko som eg trur legg eit meir utfyllande grunnlag for å sjå korvidt aktivitetane faktisk kan ha nokon innvirkning. Dette bidrar også til ei avgrensa ramme for samanlikning på tvers av deltakarane i studien.

For å trekke inn ein personlig anekdote som også er medvirkande for min interesse for temaet, så hugsar eg sjølv særleg godt frå då eg gjekk musikklinja på vidaregåande at det var få, om nokon, ting som bygde fellesskap og knytte bånd med mine medelevar i skulesammenheng på samme måten som dei større framsyningsprosjekta gjorde. Særleg dei som gjekk på tvers av musikk, dans og dramalinjene hadde etter mi oppleving ei særleg stor innvirkning på dette. Eg ønska derfor å sjå om eg kunne finne korvidt desse kvalitetane ved større musikkfaglige prosjektarbeid kan observerast, samt om dei kan være overførbare til grunnskulen.

### Problemstilling

“Korleis opplev musikk lærarar i grunnskulen at større prosjektarbeid i musikkfaget kan virke inn på sosiale ferdigheter, fellesskap, samarbeid og inkludering innad i ei elevgruppe, underveis og i etterkant av arbeidet?”

Denne problemstillinga er ein nedkott formulering av temaet og bakrunnen for teksten, og eg opplever sjølv at den, på ein komprimert og konsis måte, er dekkande for alle dei tinga som eg ønskjar å belyse og utforske i denne undersøkinga.

### Avgrensing

For å holde omfanget innanfor rammene som ei bacheloroppgåve tillét så måtte antallet deltakarar begrensast til tre. Frå eit ontologisk perspektiv (Nilssen, 2014, s. 25) er nok det mest optimale både for datasettet og analysen er nok å ha eit stort utvalg av deltakarar. Menneskar opplever virkeligheten forskjellig og derfor så vil eit større utvalg med deltakarar gi eit datasett som gir ein bedre forutsetning for å trekke ut noko konklusivt, men i bachelorkonteksten opplevde eg at det gav meining å holde antallet litt lavare. Dette bidrar også til å holde det oversiktlig og konsist, i tillegg til at det gir mulighet til å gå ordentlig inn på dei enkelte deltakarane sine svar i analysen.

## Oversikt over teksten

Denne teksten sin hoveddel er bestående av følgende fem delar: Ein teoridel kor eg gjer rede for nokre relevante teoretiske perspektiv samt ei nyare studie som er gjort om eit liknande emne, ein metodedel som beskriv metodane eg har brukt i datainnsamliga og analysen så vel som grunnlaget for valga av metodar, ein empiridel kor eg presenterer datamaterialet eg har samla inn under forløpet av undersøkinga, ein analysedel kor eg samanliknar datamaterialet og drøftar det opp imot perspektiva presentert i teoridelen, og til slutt ein avslutningsdel kor eg samlar trådane igjen, presenterer min konklusjon og drøftar feilkilder og liknande vedrørande undersøkinga i seg sjølv.

## Teoretiske perspektiv

### Sosiale aspekt som legitimering av musikkfaget og prosjektorienterte aktivitetar

Hanken & Johansen (2013, s. 169) trekk fram fleire ting som ofte blir brukt for å begrunne musikkpedagogisk virksomhet, deriblant ein antatt gunstig innvirkning på eleven sin samarbeidsevne. Dei siterer også K-06 på at musikk kan være ein kilde til “mellommenneskelig forståelse på tvers av tid, sted og kultur”. Vidare frå læreplanen så framgår det også at “Musikkfaget spiller en sentral rolle i en tilpasset opplæring i en inkluderende skole”. (Utdanningsdirektoratet, 2019). Hanken & Johansen (2013, s. 172) trekk også inn samfunnsmessige argument for legitimering av musikkundervisning. Ein kan sjå på musikkundervisning som eit sosialiseringverktøy som kan være med på å bygge kompetanse som er nødvendig for å fungere i samfunnet, samt at den også kan bidra til å utbedre forståelse på tvers av elevane sine forskjellar. Musikkfaget har opp igjennom i stor grad blitt betrakta som eit trivselsfag, kor musikkaktivitetane legg vekt på å skape gode sosiale miljø, samhold og tilhørighet. (Hanken & Johansen, 2013, s.182-183). Dei skriver også at aktivitetssentrert pedagogikk og prosjektarbeid historisk sett har stått sentralt som ein arbeidsform som skal omfatte dei sosiale aspekta ved opplæringa i musikkfaget. (s.202 og 228).



## Musikkferdigheter som parallellar til sosiale ferdigheter

Musikkaktivitetar- og ferdigheter kan også sjåast på som å ha ein meir direkte overførbar verdi til det sosiale. Angelo og Sæther (2017, s. 101 og 102) trekk mange direkte parallellar mellom musikalske ferdigheter som mellom anna åpenhet til andre sitt uttrykk, fellesskapsfølelse, initiativ, og det å lytte til kvarandre til korresponderande sosiale ferdigheter. Dei trekk fram både turbasert improvisasjon der initiativ og respons står sentralt, samt det å spille saman, i linjene dei trekk mellom musikalske og sosiale samspill. “Gjennom innfrielsen av forventningene, gjennom følelsen av å leve sammen i musikken, oppstår en sterk samhørighet” skriv Even Ruud (1997, s. 37) i samheng med musikalsk aktivitet som deltakelse og samhandling. Han meiner at musikkaktivitetar har ein verdi for ungdom med sosiale vanskar og insinuerer, mykje som Angelo og Sæther, ein korrelasjon mellom musikalsk og sosial samhandling. Han beskriv også musikken som eit verktøy som kan være med å styrke sjølvfølelse og identitetsdanning hos ungdom (1997, s. 38).

## Musikk og fellesskap

I følge Ruud er musikk med på å danne “ramme rundt fellesskap med jevnaldrende” (1997, s. 140). Han påpeikar vidare viktigheten av å “orientere seg mot samvær med andre for å avverge isolasjon og dempe eksistensiell ensomhet”, og trekk fram det å jobbe med musikk i samspill med andre som ein mulig kilde til denne fellesskapsfølelsen og samværet. Han trekker også inn aspektet ved den synkroniserte felles opplevelsen av musikken som alle deltakarane deler og opplever som særlig relevant til den overnevnte følelsen av fellesskap, samt det å få gi eit personlig bidrag til noko som igjen blir ein del av ein større heilskap. (1997, s.141). Vidare trekk han også parallellar til korleis kampsangar i politiske bevegelsar fungerer som eit virkningsfullt verktøy for å styrke samholdet i det ideologiske fellesskapet, sangen opphevar individuelle forskjellar.

## Nyare forskning

Ein studie gjort av Lorentz Edberg, publisert i 2013 i Nordisk musikkpedagogisk forskning Årbok 14, tok for seg eit musikalprosjekt på ein skule som forskaren observerte over tre månader. Utifra sine observasjonar i denne undersøkinga konkluderte han blant anna med at musikalprosjekt kunne bidra til auka sjølvtilit hos elevar, samt å ha ei innvirkning på sosiale roller og sosiale hierarki i ei elevgruppe. Det framgår av utsnitt av intervju forskaren gjennomførte i studien at musikalen skapar ein arena både kor eleven kan vokse og utvikle trygghetsfølelse gjennom framføring, samt at det skapar ein arena alle får bli ein del av og "være noko", noko som er særleg gunstig for elevar som i utgangspunktet ikkje interesserer seg så veldig for utdanning. Han dreg også fram det at slike prosjekt til dels viskar ut grensene mellom fritidsaktivitet og skuleaktivitet, noko han meiner kan være medvirkande til det at elevane i studien også uttrykte at dei følte seg friare og mindre begrensa under arbeidet med musikalen.

## Metode

### Metodevalg

Denne undersøkinga vart gjort som ein kvalitativ studie i form av strukturerte skriftlige intervju med tre musikk lærarar som har jobba med prosjektarbeid av typen musikal, konsert etc. i grunnskulen. Deltakarane vart tilsendt eit skjema med eit sett spørsmål der dei vart bedt om å notere nokre linjer med refleksjonar og personlige opplevsar vedrørande emna det vart spurt om. Denne metoden kan dermed seiast å være ein slags krysning mellom ein intervjustudie og ein innsamling av refleksjonsnotat. Ein intervjustudie i kvalitativ forstand baserer seg på å stille spørsmål til deltakarane med hensikt å innhente informasjon om deltakaren sine tankar, erfaringar og opplevingar (Nilssen, 2014, s. 23). Spørsmåla var konstruert for å være åpne, samt å legge opp til utfyllande svar, og alle intervjudeltakarar fekk tildelt dei samme spørsmåla.

## Begrunnelse for valg av metode

Eg valgte ein kvalitativ metode for å kunne innhente meir utfyllande refleksjonar rundt temaet frå deltakarane enn kva som lar seg gjere gjennom enkle ja/nei-spørsmål eller spørsmål med graderte svaralternativ. Eg opplever også at dette med sosiale ferdigheter, samarbeid, fellesskap og inkludering er fenomen som kan være vanskelige å kvantisere på nokon hensiktsmessig måte, og dermed så falt det seg naturlig å anvende ein metode som lar meg innhente refleksjonar rundt deltakarane opplevsar for å få eit heilhetlig grunnlag for å besvare problemstillinga.

## Spørsmåla frå intervjuet

1. Kva er din utdanning og musikalske bakgrunn?
2. Kva for eit/nokre klasstrinn har du jobba med større musikkfaglige prosjektarbeid i?
3. Kva type av større musikkfaglige prosjektarbeid har du jobba med?
4. Kor lenge har du gjort det?
5. I kor stor grad vil du sei at elevsamarbeid og sjølvstendighet er lagt opp til i arbeidet med desse prosjekta?
6. Korleis har du opplevd at denne typen prosjektarbeid kan virke inn på det sosiale/samarbeidsevne/inkludering i ei elevgruppe?
7. Kva muligheter kan du tenke deg at slike typar prosjekt kan ha for å virke inn på elevane sine sosiale ferdigheter/samarbeidsevne/inkludering?
8. Har du nokon gang bitt deg merke i markante endringar vedr. det sosiale i ei elevgruppe underveis og etter eit slikt prosjekt?
9. Har du opplevd nokon forskjellar mellom virkninga av denne typen prosjekt kontra ordinær undervisning på det sosiale innad i ei elevgruppe?
10. Har du opplevd nokon spesielle aktivitetar du særleg merka deg kan ha hatt ei innvirkning?
11. Har du nokre andre tankar og observasjonar du har gjort deg som du tenker kan være relevant innanfor dette temaet? (Denne er valgfri, eg har det med i tilfelle det dukkar opp noko interessant som eg ikkje dekkar med spørsmåla mine)

Ein del av spørsmåla berører ein del av dei samme tinga, det var mest tenkt som eit tiltak for å få temaet belyst frå litt forskjellige vinklingar frå eventuelle kortfatta kandidatar, men det vil framgå av datamaterialet at dei som svarte utfyllande endte opp med litt overlappende respons.

## Analyse

Analysen vart gjort ved å sortere refleksjonsnotata til alle deltakarane under dei respektive besvarte spørsmåla, for så å sjå etter samsvaringar og ulikhetar mellom dei forskjellige refleksjonane. Vidare forsøkte eg å hente ut essensen i svara og koke ned deltakarane sine refleksjonar til nokre meir generelle tendensar. (Åpen koding (Nilssen, 2014, s. 82)). Vidare så vart dei generelle trendane i svara analysert og tolka som ei pendling mellom teori og datamateriale. Slik muliggjorde eg å sjå korvidt det kan være ein samanheng mellom dei antatte virkningane som faglitteraturen seier at musikkaktivitetar kan ha og resultatata som deltakarane opplever. Eg benytta ein konstant komparativ metode (Strauss & Corbin, 2008, s. 65) for å samanlikne både mellom dei forskjellige deltakarane sine refleksjonar og i samanlikningane mellom datamaterialet og teorien.

## Empiri

I følgjande del kjem svara eg fekk frå kandidatane på spørsmåla på forrige side. Alle deltakarar er anonymiserte, og har fått tildelt kandidatkodar Lærer A, Lærer B og Lærer C. Eg har valgt å inkludere deltakarane sine besvarelsar i sin heilhet i denne delen av teksten, både for å opprettholde transparens i datamaterialet og fordi eg opplever at det som kom fram i tillegg til den absolutte essensen i beretningane har ein utfyllande funksjon for deltakarane sine refleksjonar.

### Nokre introduksjonssitat frå deltakarane

Følgjande sitat er frå då eg først kom i kontakt med deltakarane, og er dermed ikkje henta frå deltakarane sine besvarelsar, men eg inkluderte dei da dei eignar seg som ein kort introduksjon av deltakarane og deira tankar rundt temaet.

#### Lærer A

"Vi har hatt musikal på 3.trinn i fjor og nå på 4.trinn og ser at det er helt supert for inkludering, samarbeid og at alle blir sett"

#### Lærer B

"Jeg har avslutta årets forestillingsperiode på u-skole i dag. Det som driver meg mest er sosiale ringvirkninger."

#### Lærer C

"Jeg er nettopp ferdig med revy med en niendeklasse (har brukt omtrent alle musikktimer ++ til nå til revy), og vi har sett middels stor til stor forbedring på samarbeid og inkludering."

## Besvarelsar

Kva er din utdanning og musikalske bakgrunn?

- Lærer A:

*Jeg er adjunkt for 1.-7.trinn. Jeg har i denne utdanningen tatt 30 stp i musikk.*

- Lærer B:

*Har spilt diverse instrumenter siden barndommen + jobba som instruktør. Gikk Toneheim etter vdg. Deretter musikk storfag (2år) på Universitetet i Oslo, musikkterapeututdanninga på Norges Musikkhøgskole og seinere master i musikkterapi. Tok musikk som et av fagene i PPU-utdanninga også-*

- Lærer C:

*Jeg har 60 stp i musikk fra lærerskolen, og har spilt i korps i nesten 10 år (fløyte). I tillegg gikk jeg danselinjen på videregående.*

Kva for eit/nokre klassetrinn har du jobba med større musikkfaglige prosjektarbeid i?

- Lærer A:

*3. og 4. trinn*

- Lærer B:

*Ungdomstrinn. 8. – 10. klasse*

- Lærer C:

*Jeg har (sammen med en musikk lærer til) ledet niendetrinnselever gjennom en revyperiode.*

Kva type av større musikkfaglige prosjektarbeid har du jobba med?

- Lærer A:

*Vi har satt opp musikaler.*

- Lærer B:

*Skoleoppsetninger, avslutningsforestillinger, skolerevyer med alle elevene involvert, sal og scene-forestillinger siden det valgfaget kom for ca 6 år siden.*

- Lærer C:

*Jeg har jobbet med revy, konsert, musikal og danseforestilling.*

Kor lenge har du gjort det?

- Lærer A:

*2 år.*

- Lærer B:

*Til sammen 10 – 15 år, tror jeg*

- Lærer C:

*Den første gangen jeg var med på selv på en større oppsetning var jeg 14 (i dag er jeg 25). I år var første gangen jeg prøvde det i lærerrollen.*

I kor stor grad vil du sei at elevsamarbeid og sjølvstendighet er lagt opp til i arbeidet med desse prosjekta?

- Lærer A:

*Elevene må selv øve på replikkene de skal ha, så jobber de i grupper med de andre elevene som er med i samme scene. På denne måten øver de på å dramatisere og hjelper hverandre. Her skal*

*de gi tilbakemelding til hverandre på hva som er bra og hva som kan bli bedre til neste gang. Når vi har jobbet en stund i grupper øver vi på hele stykke sammen der de som ikke er med i de scene vi går gjennom er publikum og kor på korsangene.*

- **Lærer B:**

*I svært stor grad. Elevene velger låter, uttrykk, er med på å bestemme arrangement osv.*

- **Lærer C:**

*Jeg vil si i stor grad. Elevene brukte mye tid fra januar til slutten av mars på å skrive/lage og øve på sketsjer, sanger og danser. De fikk selv komme med idéer til hva som skulle være med i revyen og de fikk hovedansvaret for å lage alt av stoff (selvsagt med en god del hjelp og veiledning). Både innad i de mindre gruppene som skulle øve på hver enkelt sketsj, og i klassen som helhet måtte elevene ta ansvar både for sitt eget bidrag og for å dra med seg medelever.*

Korleis har du opplevd at denne typen prosjektarbeid kan virke inn på det sosiale/samarbeidsevne/inkludering i ei elevgruppe?

- **Lærer A:**

*Jeg ser at elevene får vist seg på en annen måte enn det de gjør til vanlig. Elever som til vanlig ikke vil snakke høyt i klasserommet dramatiserer og snakker foran de andre og synes det er kjekt. Elever som sliter sosialt fungerer her sammen med de andre elevene og får være en del av en større sammenheng, samt at de får en stor mestring. Elevene glemmer de sosiale hindringene som kan være tilstede i andre sosiale settinger. Elevene heier på hverandre og vet at alle må gjøre sitt beste for at det skal bli bra. Elevene vokser selv og blir mer sammensveiset som klasse. Jeg har bare sett positive virkninger på sosiale/samarbeid og inkludering i klassen ved arbeid gjennom musikal. Vi har også sett at dette virker positivt i etterkant av musikalen.*

- **Lærer B:**

*Jeg opplever at elevene har svært stor utvikling på det sosiale gjennom slike prosjekter. På skolen der jeg var med og jobba med skolerevy, var alle elevene med, og det var et unikt miljø. Revyen*



var det store i bygda hvert år, og elevene løfta hverandre fram. Alle var viktige for å få det til. Mange år etterpå kommer de tilbake og ser revyen, og når jeg møter noen av dem virker det som disse minnene har vært viktige for elevene og for veien de har valgt videre i livet.

Når jeg jobber med sal og scene-faget ser jeg noe av det samme. De sosiale grupperingene som finnes ellers i elevgruppa oppheves. Elevene opplever å virkelig bli sett av andre, og våger å gå langt ut av komfortsona, får positiv respons fra andre (voksne og ungdommer).

To eksempler fra i år:

Ei jente hadde fått en negativ kommentar fra noen og ville dra hjem. De eldre ungdommene mobiliserte med en gang, og helt intuitivt sa og gjorde de ting som bygde henne opp og fikk henne til å skjønne at ho er viktig for gruppa. Ho kom inn igjen med et stort smil om munnen. Ungdommer som ellers kanskje ikke har den høyeste statusen eller får vist seg fram så mye faglig, får vist sterke sider og ressurser, og får skryt og god oppmerksomhet fra andre elever.

Selv om det er krevende på mange måter å være lærer i slike fag, mye skjer i siste liten, mye nattearbeid osv... så er det disse opplevelsene og det sosiale (framfor nivået på framføringa) som motiverer meg til å gi alt og ta på meg denne typen arbeid år etter år. Ofte ser ikke elevene verdien av arbeidet underveis, tar ikke sin del av jobben seriøst osv, men de dagene vi jobber intensivt og spesielt dagene de skal stå på scena og løfte sammen, skjer det noe nærmest magisk med det sosiale.

Jeg har også opplevd ungdommer som gjør det bra i de fleste fag, som opplever stort press, jobber mye med skole, sliter med søvn osv når det nærmer seg slutten på ungdomsskolen, som blomstrer og koser seg veldig med framføringene og det intensive arbeidet de siste dagene. Dette har vært ungdommer som ellers virker slitne på skolen, uttrykksløse ofte, presterer bra men jobber kanskje nesten for hardt.

- **Lærer C:**

Jeg opplevde at denne typen jobbing påvirket disse ferdighetene positivt. Jeg tror mye av grunnen er at det at alles bidrag betydde noe for forestillingen gjorde at flere så nytten i å inkludere både seg selv og medelever (spesielt for elever som sliter litt med å være en del av

*klassen i en vanlig skolesammenheng. Det virket som elevene fikk et felles mål og at det ble viktig for dem å nå målet.*

Kva muligheter kan du tenke deg at slike typar prosjekt kan ha for å virke inn på elevane sine sosiale ferdigheter/samarbeidsevne/inkludering?

- Lærer A:

*Elevene må jobbe sammen for at resultatet skal bli bra. De heier på hverandre og bygger hverandre opp. Alle elever, samme hvilket faglig og sosialt nivå elevene er på til vanlig, får vist nye sider av seg selv. Og jobbet godt sammen.*

- Lærer B:

*Jeg tror det har store muligheter når det gjelder det sosiale. Spesielt hvis de får jobbe sammenhengende i noen dager i strekk, og kjenner på kroppen at det er viktig å yte og å spille hverandre gode, fordi det kommer fulle saler med publikummere.*

- Lærer C:

*Samme som forrige spm.*

Har du nokon gang bitt deg merke i markante endringar vedr. det sosiale i ei elevgruppe underveis og etter eit slikt prosjekt?

- Lærer A:

*Vi har sett at elever som har vært litt utenfor i det sosiale miljøet, under og etter et slikt prosjekt har flere å spille på, samt har lettere innpass hos de andre elevene. De har en felles plattform å jobbe på.*

- Lærer B:

*Jeg har allerede nevnt noen eksempler. Har mange sånne eksempler opp gjennom. Elev med skolevegring som egentlig ikke klarte å være blant andre elever, men som så ei forestilling og satt oppe om natta og øvde inn musikk og skuespill for å kunne være med de siste forestillingene.*

*Elevgruppe som var skolelei, skulka mye, som hadde avslutningsinnslaget og viste alle at de kan.*

*Elever som har lært seg å løse konflikter på en mer konstruktiv måte, lært å si fra uten å krenke noen. Elev som er mye negativ på skolen, men som er veldig god i musikk, og etter forestilling tok ei helt anna rolle, rydda frivillig, samarbeida med andre osv.*

- **Lærer C:**

*Underveis var det ganske stor forbedring på det sosiale miljøet i klasse. I etterkant er det ikke markante endringer i akkurat denne klassen, men moderate endringer. De sier selv de er litt mer sammensveiset og det opplever vi lærerne også. De snakker mer med hverandre på tvers av tidligere klikker og de samarbeider litt lettere (fordeling av arbeid går litt lettere og det er litt færre konflikter).*

Har du opplevd nokon forskjellar mellom virkninga av denne typen prosjekt kontra ordinær undervisning på det sosiale innad i ei elevgruppe?

- **Lærer A:**

*Det at elevene jobber sammen og samarbeider er viktig uansett om det er i et slikt prosjekt eller i «vanlig» undervisning. Forskjellen her er at alle elevene har lettere for å lykkes fordi faglighet og sosiale koder ikke er til stede på samme måte som det er i vanlig undervisning.*

- **Lærer B:**

*Har vel sagt en del om dette også. Jeg opplever at det blir noe helt anna. Vi samarbeider i vanlig undervisning også, men det har kanskje ikke de samme konsekvensene og ringvirkningene.*

- **Lærer C:**

*I ordinær undervisning sitter elevene mye stille for seg selv og arbeidet konsentrerer seg om noe de ikke har så stor kontroll over. Mens i revyperioden fikk elevene selv bestemme hva det de jobbet med skulle handle om og de måtte by på seg selv foran og sammen med medelever. Det har gjort dem tryggere på hverandre og seg selv. Mange av elevene stikker seg litt mer frem nå enn de gjorde før revyen (på en positiv måte).*

Har du opplevd nokon spesielle aktivitetar du særlig merka deg kan ha hatt ei innvirkning?

- Lærer A:

*Når elevene skal øve sammen i grupper har de virkelig stått opp for hverandre og hjulpet hverandre. Når de skal vise fram for hverandre binder det de enda tettere sammen. Etter en forestilling gir det også elevene en enorm stor mestring som de lever på i uker etterpå. De er da klare for å jobbe med et hvilket som helst problem.*

- Lærer B:

*Alt av skuespill, dans, sang, samspill.*

- Lærer C:

(blank)

Har du nokre andre tankar og observasjonar du har gjort deg som du tenker kan være relevant innanfor dette temaet? (Denne er valgfri, har det berre med i tilfelle det skulle dukke opp noko interessant som eg ikkje har dekt i spørsmåla mine)

- Lærer A:

*Jeg har så utrolig tro på at dette er så viktig for elevene og at det er noe de husker i mange mange år. I tillegg lærer elever å stå foran andre, de tør å gå ut av komfortsonen og det er veldig mange kompetansemål i norsk, musikk, kogh, samfunnsfag ol som passer inn (dette utsagnet kom i etterkant av at spørreskjema var besvart, med kommentar om at det kunne være besvarelse på siste spørsmål)*

- Lærer B:

(blank)

- Lærer C:

(blank)

# Analyse

## Drøfting av refleksjonane opp imot kvarandre

Utifra besvarelsane ser vi at lærerane som deltok i undersøkinga kjem representerer ei ganske stor spennvidde av både musikalsk bakgrunn, utdanningsnivå og erfaring, samt at dei underviser vidt forskjellige aldersgrupper av barn og ungdom i forskjellige typar musikkfaglige prosjektarbeid. Dette kan gi oss muligheten til å analysere dei mulige virkningane av prosjektbasert musikkundervisning på tvers av aldersgrupper og prosjekttypar, observert og reflektert over på tvers av musikalske bakgrunnar. Dette gir oss eit meir generelt innblikk enn kva vi kanskje ville sett dersom rammene rundt refleksjonane var meir standardiserte.

For å hente ut nokre generelle trekk i refleksjonane så ser eg ein del ting som går igjen i hos alle dei tre deltakarane. Det første eg merkar meg går på ting knytta til individuelle, personlege sosiale ferdigheter, nærare bestemt elevane sine komfortsoner og sosiale hindringar hos enkeltelevar. Det virkar som om det er ein tydelig konsensus mellom observatørane om at denne typen undervisning bidrar til at elevane i større grad tør å bevege seg utanfor sine sosiale komfortsoner og vise seg fram i større grad enn kva dei gjer i "ordinærer" undervisningssituasjonar i skulen.

Den andre tingen eg merkar meg går meir på samarbeid, inkludering og fellesskapsfølelse, samt dette med å føle at ein bidrar med noko verdifullt til eit større formål. Det går igjen i refleksjonsnotata at elevane underveis i desse prosjektarbeida har ein tendens til å bygge kvarandre opp og støtte kvarandre. Dette med å ha eit felles mål, og viktigheten av kvar enkelt elev sitt bidrag til heilheten er noko som går igjen og reflekterast i måten elevane som har blitt observert har inkludert kvarandre og seg sjølve i fellesskapet underveis. Sjølv om fellesskap i seg sjølv ikkje vart direkte spurt om i spørsmåla, så merkar eg meg at dette er noko som likevel har komt fram som eit sentralt aspekt på tvers av refleksjonane. Samarbeidsaspektet er også noko som går igjen fleire plassar i besvarelsane, og det virkar som om det er ein konsensus mellom deltakarane om at elevane sine samarbeidsevner blir påverka i positiv retning gjennom arbeidet med dei musikkfaglige prosjekta.

Det blir også nevnt av Lærer B at slike prosjekt kan bidra til ei oppheving av sosiale grupperingar som har eksistert i forkant av prosjektet. Dette med endringar i sosiale grupperingar gjer seg også gjeldande i dei to andre lærarane sine refleksjonar. Lærer A snakkar om at elevar får lettare innpass hos dei andre underveis og etter eit slikt prosjekt, og Lærer C observerer at elevane snakkar lettare med kvarandre på tvers av tidligare sosiale grupperingar.

### Drøfting av refleksjonane opp imot den teoretiske forankringa

Her vil eg ta for meg dei meir generelle trendane i refleksjonane som eg trakk fram i forrige del og sjå på dei i lys av dei teoretiske perspektiva. Alle henvisningar til faglitteratur i følgande del henviser til dei tidligare presenterte referansane i teoridelen.

Det framgår av samanfatninga av deltakarane sine observasjonar at elevar med ulike grader av sosiale vanskar i ein grad ser ut til å bryte ut av sine sosiale "skall" i slike prosjekt. Det kan tenkast at denne auka evnen til å vise seg fram og by på seg sjølv kan ha ein samanheng med både det Hanken og Johansen seier om musikkaktivitetar som verktøy for å skape tilhørighet, så vel som det Even Ruud seier om musikk som verktøy for styrking av sjølvfølelse. Om ein går ut ifra at desse er essensielle eigenskapar som må ligge til grunne for at ein skal kunne bidra sosialt i ei gruppe med mennesker, så kan det være nærliggande å anta at det er nettopp denne nevnte styrkinga av tilhørighet og sjølvfølelse som kan ha funne stad som ein ettervirkning av prosjektarbeidet i tilfella der ein har observert desse endringane hos enkeltelevar. Her kan ein også trekke inn det Angelo og Sæther skriv om musikkferdigheter som parallellar til sosiale ferdigheter der dei blant anna nevner evnen til initiativ. Aspektet som omhandlar auka sjølvtilit kan også sjåast som ein korrelasjon med funna gjort i undersøkelsen til Edberg, kor han konkluderte med at musikalarbeid kunne bidra til auka sjølvtilit hos elevane og utvikling av trygghetsfølelse.

I refleksjonane tilknytta inkludering og fellesskapsfølelse går også mange ting igjen i dei teoretiske perspektiva eg har tatt for meg. Dette med at prosjektarbeida til synelatande medfører at elevane i større grad enn ellers inkluderer seg sjølv og andre i fellesskapet, bygger kvarandre opp og tilbyr støtte kan knyttast opp både mot det Hanken og Johansen seier om musikkfaget sin vektlegging på sosiale miljø og samhald, det Angelo og Sæther seier om fellesskapsfølelse som ein parallell mellom det musikalske og sosiale, samt det Ruud seier om samværet og den sterke samhørigheten som oppstår gjennom musikalsk samspill. Dei musikkfaglige prosjekta reflektert over av deltakarane kan i denne samanheng sjåast på som den ramma rundt fellesskap med jevnaldrande som Ruud vidare beskriver. Dette med at elevane får eit felles mål og jobbar saman mot noko større kan også sjåast i samanheng med det Ruud seier om den delte, synkroniserte opplevelsen og det å få bidra personlig til heilskapen sin innvirkning på fellesskapsfølelsen, og dette passar også overens med det Edberg seier om skapinga av ein arena alle får være ein del av.

Dei sosiale ettervirkningane deltakarane fortel om som går på utbedra kommunikasjon på tvers av sosiale grupperingar, innpass hos medelevar og til dels oppheving av dei nevnte sosiale grupperingane var også noko Edberg var inne på da han beskreib musikalprosjektet sin evne til å omstrukturere sosiale roller og det sosiale hierarkiet. Den utbedra kommunikasjonen kan også sjåast i samanheng med den åpenheten til andre sitt uttrykk som Angelo og Sæther nevner i sin samanlikning mellom musikalske og sosiale ferdigheter, så vel som den opphevinga av individuelle forskjellar som Ruud skriv om.

# Avslutning

## Samanfatning

I denne teksten så ønska eg å belyse større prosjektarbeid i musikkfaget si innvirkning på eit spekter av sosiale ferdigheter, med eit fokus på inkludering, fellesskap og samarbeid. Eg føler sjølv at eg løyste dette på ein hensiktsmessig måte både ved valg av kvalitative intervju/refleksjonsnotat som metode og valga av teoretisk forankring.

Korvidt eg har bidratt med ny kunnskap er vanskelig for meg å sei, men eg sit etter dette arbeidet framleis igjen med følelsen av at dette er eit tema som det ikkje er forska så alt for mykje inngående på. Sett i samanheng med det, så føler eg sjølv at eg på eit vis kanskje kan ha arbeidd fram noko som kan være med på å gi ein anelse større grad av substans til mykje av det teorien legg fram som ei antatt virkning av musikkfaglige aktivitetar på det sosiale. For meg sjølv og mitt eige syn i det minste, så har påstanden om at musikkfaget kan ha ei positiv innvirkning på sosiale forhold i elevgruppa fått litt større bein å stå på.

## Konklusjon

Utifra funna gjort i refleksjonsnotata til deltakarane satt opp imot det teorien seier, så vil eg sei denne undersøkinga viser ein indikasjon på at musikkfaglige prosjekt med eit omfang som går over fleire veker kan være eit verdifullt virkemiddel når det gjeld å bygge opp elevane sine sosiale ferdigheter, samarbeidsevne, fellesskapsfølelse og evne til å inkludere både seg sjølve og sine medelevar. Å komme med noko 100% konklusivt i ein studie av dette omfanget er vanskelig, men min konklusjon stemmer godt overens med konsensusen som kjem til uttrykk gjennom beretningane til deltakarane, nemlig at musikkfaglig prosjektarbeid kan ha eit potensiale til å virke særst positivt inn på sosiale ferdigheter, fellesskap, samarbeid og inkludering innad i ei elevgruppe i grunnskulen, underveis og i etterkant av musikkfaglige prosjektarbeid.



## Metodekritikk

Det at lærerane hadde så forskjellige musikalske bakrunnar, samt at dei underviste elevar av så forskjellige aldersgrupper kan tenkast å være ei ulempe for validiteten av denne undersøkinga. Muligens hadde det gitt eit bedre samanlikningsgrunnlag dersom rammene rundt datamaterialet hadde vore standardisert i større grad.

Ein anna svakhet med denne undersøkinga er at eg som forsker i ein grad har hatt ein forutintatt formeining om at musikkfaget er bra for sosial utvikling allereie før eg starta på dette arbeidet. Her er det lett å gå i den fella der ein ubevisst aktivt jobbar mot at resultatet skal bli som ein ønskar, noko som ville ha vore uheldig for den vitenskaplige integriteten i undersøkinga. Eg har med dette i bakhodet gjort mitt ytterste om å sette meg i ei nøytral rolle underveis i arbeidet, både i utforminga av spørsmåla og i min opptreden ovenfor kandidatar. Eg har i nokre tilfeller delt mine tankar om kva eg trur om temaet i etterdiskusjonar med kandidatane, men aldri før all data som fins i empiridelen har blitt samla inn frå dei respektive deltakarane.

Ein annan ting som kan ha vore med på å påvirke resultatet er det faktum at spørreskjemaet i seg sjølv er veldig tematisk avgrensa, noko som gjorde det ganske tydelig kva undersøkinga handla om. Dette kan potensielt tenkast å ha bidratt til at deltakarane ubevisst svarte på ein måte som skulle fremme dei sosiale kvalitetane ved musikkfaget. Det kan tenkast at, når det er veldig tydelig kva studien handlar om, det i ein grad kan være med på å skape eit bias i korleis deltakarane svarar på undersøkinga, derfor så trur eg det optimalt sett hadde vore meir gunstig med ei større undersøkelse som spant seg over eit vidare spekter av tema, for så å trekke ut dei besvarelsane som var relevante for det tema som faktisk blir undersøkt.

## Kilder

Angelo, E. & Sæther, M. (2017). *Eleven og Musikken*. Oslo: Universitetsforlaget

Corbin, J., & Strauss, A. (2008). *Basics of qualitative research - Techniques and procedures for developing grounded theory* (3. utg.). Thousand Oaks, CA: SAGE Publications, Inc. Henta den 12.04.19 fra <http://methods.sagepub.com/book/basics-of-qualitative-research/n4.xml> (doi: 10.4135/9781452230153)

Edberg, L. (2013). *Crossing borders - Perspectives on learning in a school musical project*. Oslo: NMH-publikasjoner

Hanken, I.M. & Johansen, G. (2013). *Musikkundervisningens Didaktikk* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm

Nilssen, V. (2014). *Analyse i kvalitative studier - Den skrivende forskeren* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Ruud, E. (1997). *Musikk og Identitet*. Oslo: Universitetsforlaget

Utdanningsdirektoratet. (2019). *Læreplan i musikk (MUS1-01)*. Henta den 01.04.19 fra <https://www.udir.no/kl06/MUS1-01/Hele/Formaal>

